

Kjekt å vera deltarar på skiskule.

16.11.2016



Saima som her prøver seg som skiskyttar, har sendt oss ein kjekk rapport frå skisamlinga.

Sist helg var som kjent skigruppa i Uskedal idrettslag på samling på Voss. Blant deltarane var 13 år gamle Saima Kristine Døssland. Det er alltid kjekt å høyre korleis ungdommane opplever slike samlingar, og derfor synes vi det er svært kjekt å presentera denne rapporten som Saima har skrive. Tusen takk, Saima!

Fredag kveld kom skigruppa Uskedal idrettslag til arenahuset i Herresåsen på Voss. Vi var rundt 50 barn og foreldre. Vi hadde ei skiøkt på fredag då det var nydeleg vér og føre. På laurdag hadde vi to skiøkter og fekk prøve skiskyting, som var veldig kjekt å prøve, før vi for til Peppes på isglatte veger, men fekk veldig god pizza etterpå. Det var veldig vanskeleg å komma seg ned til Peppes, men då vi skulle heim att, var vegane strødde.

På søndag regna det litt, men vi hadde ei skiøkt og nokre leikar på slutten før vi for heim i tolv tida. Vi åt kaker heile helga då det var eit bursdagsbarn og ein bursdagsvaksen med på turen. Alle fekk nok veldig god teknikk frå alle dei gode trenarane, og veldig god mat frå alle foreldra.

Tekst: Saima K. Døssland

Foto: Knut Johannes Ripei

Nett: Thor Inge Døssland